

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Fylkesrådmannen gjorde merksam på at det i eit seinare møte vil kome justert svar på spørsmål til revisjon av lokal forskrift om inntak og formidling (RS 199/15).

I samband med RS 193/15 "Trafikksikringstiltak - FV 48 ..." bad **Benthe Bondhus** om at problemstillinga vert løfta til utval for miljø og samferdsel og fylkestrafikksikringsutvalet. Fylkesutvalet slutta seg til dette.

I samband med RS 202/15 "Auka behov for mottaksplassar for asylsøkjjarar ..." spurde **Silja Ekeland Bjørkly** om konklusjonen er at Hordaland fylkeskommune ikkje har tilgjengelege plassar. Fylkesrådmannen stadfesta dette.

I samband med RS 201/15 "Svar på spørsmål om oppfølging av handlingsplan for veteranar" kommenterte **Silje Hjemdal** at Frp truleg vil kome tilbake til dette.

I samband med RS 191 "Oppløysing av Bystasjonen AS - Overføring til Hordaland fylkeskommune" spurde **Tom Sverre Tomren** om styret var operativt etter 2008, og kven som evt. overtek oppgåvene. Eigedomsdirektør Jostein Fjærestad svarte at styret var operativt, og at eigedomsavdelinga i fylkeskommunen vil overta oppgåvene.